

Retningslinjer for klubbssamarbeid

BJØRGUM, BULKEN, GRANVIN, ELDAR, FBK VOSS, VILJAR
OG ØRNAR

Versjon 15.02.2026

Innhold

Bakgrunn:	2
Betingelsar:	2
Økonomi:	2
Påmeldingsavgifter:	2
Sosiale tilskot og lagstilskot	3
Trenargodtgjersle	3
Dommargodtgjersle.....	3
Medlems- og treningsavgift	4
Dugnadspeng.....	4
Lagskonto	4
Gjennomføring av sesong	4
Oppstart:	4
Bruk av anlegg.....	4
Dugnad	4
Draktsett.....	5
Trenar, lagleiar og andre ressurspersonar.....	5
Lagsnamn	5
Fair Play	5
Cupdeltaking	5
Hospitering	5
Evaluering	6

Bakgrunn:

Klubbane/Idrottslaga (heretter omtala som klubb) har fått innvilga søknad til NFF Hordaland om klubbsamarbeid mellom dei namngitte klubbane i aldersklassane 10-16 år, for både gutar og jenter.

Samarbeidet skal koordinerast av ei styringsgruppe som består av representantar frå alle klubbane. Klubbane sine styrer/adm er ansvarleg for til eikvar tid å ha representantar i styringsgruppa for klubbsamarbeid

Klubbane skal utarbeide retningslinjer for korleis samarbeidet skal gjennomførast i praksis, til dømes med tanke på drakter, heimebane, kostnader, treningsarena osv.

Betingelsar:

Føresetnadane for at ein klubb skale verta del av eit samarbeid med ein eller fleire klubbar, er at minimum 3 spelarar representerer klubben i samarbeidslaget. Dersom dette ikkje er tilfelle, må spelarar melde overgang til ein av klubbane som er deltek i samarbeidet. Det er valfritt kva for klubb ein melder overgang til.

Alt av samarbeid mellom klubbane skal føregå på leiarnivå i kvar enkelt klubb. Den enkelte trenar eller lagleiar skal ikkje på eigenhand inngå samarbeid med andre klubbar eller enkeltpersonar i andre klubbar. Dette gjeld både i treningssamarbeid og i kampsamarbeid. Det er viktig at ansvarlege leiarar i klubb involverer trenarar og lagleiarar i prosessane som vedkjem deira lag .

Økonomi:

Målsetnaden er å ha eit oppsett som utøveren og tillitsvalde knytt til laga ser på som føreseielege, og legg til rette for økonomisk «innanforskap». Kvar enkelt klubb er sjølv ansvarleg for å kontroll på sine medlemmar og for å hindre at spelarar hamnar utanfor grunna økonomi.

Påmeldingsavgifter:

For 10-12 år.

Klubben med flest utøvarar i samarbeidslaget er ansvarleg for påmelding til seriespel og skal forskotera kostnad knytt til lagspåmeldinga.

Same klubb skal saman forskotera lagspåmelding til dei 3 lokale cupane; Vårsleppcup, Eideshagen Cup og Voss Cup. Utover dette skal klubbane dekkje lagspåmelding til ein valfri cup, opp til kr.2.000,-

Alle økonomiske kostnader skal delast etter antall spelarar kvar klubb stiller med i kvart samarbeidslag. Det vil sei at dersom ein klubb stiller med 5 spelarar av totalt 20 spelarar, skal dei betale 5/20 del av dei totale kostnadane. Klubben som står for utlegga skal fakturere dei andre samarbeidsklubbane etter enda sesong.

For 13-16 år (ungdomsfotball)

Klubben med flest utøvarar i samarbeidslaget er ansvarleg for påmelding til seriespel, og skal forskotera kostnad knytt til lagspåmeldinga.

Same klubb skal yte cuptilskot til samarbeidslag med kr.5.000,- pr påmeldte lag til seriespel i kvart samarbeid. Dette tilskotet skal berre ytast til samarbeidslag som melder på lag til cup, og kun 1 gong per sesong per lag.

Alle økonomiske kostnader skal delast etter antall spelarar kvar klubb stiller med i kvart samarbeidslag. Det vil sei at dersom ein klubb stiller med 5 spelarar av totalt 20 spelarar, skal dei betale 5/20 del av dei totale kostnadane. Klubben som står for utlegga skal fakturere dei andre samarbeidsklubbane etter enda sesong.

Sosiale tilskot og lagstilskot

Sosiale tilskot og lagstilskot skal nyttast til tiltak som byggjer oppunder lagkjensle og relasjonsbyggjing, i form av reine sosiale tiltak eller andre tiltak som vil bidra til å styrkje relasjonar i laget.

Dette tilskotet skal ytast til samarbeidslag, og tilfell laga kun 1 gong per sesong.

Alle økonomiske kostnader skal delast etter antall spelarar kvar klubb stiller med i kvart samarbeidslag. Det vil sei at dersom ein klubb stiller med 5 spelarar av totalt 20 spelarar, skal dei betale 5/20 del av dei totale kostnadane. Klubben som står for utlegga skal fakturere dei andre samarbeidsklubbane etter enda sesong.

Utbetaling av sosiale tilskot og lagstilskot skjer etter avtale med lagleiar (ar).

For 10-12 år

Klubbane skal ilag yta tilskot stort kr.2.500,- pr påmelde lag i seriespel

For 13-16 år

Klubbane skal ilag yta tilskot stort kr.5.000,- pr påmelde lag i seriespel

Trenargodtgjersle

Styringsgruppa ser at dette kan by på utfordringar. Klubbane har her store forskjellar på honorering av godtgjersle til trenarar. I henhold til styringsgruppa sitt mandat er fylgjande forslag til løysing:

Samarbeidslag forhold seg til klubbane sine retningslinjer for godtgjersle til trenarar og evt. lagleiarar.

Samstundes ber styringsgruppa om at klubbane sine styrer ser på løysingar for å komma nærmare i sine ulike ordningar.

Domargodtgjersle

Samarbeidsklubbane skal bruka kretsen sine satsar.

Heimelaget/vertsklubb er ansvarleg for å ordna dommar til kamp, og er ansvarleg for godtgjerse.

Alle økonomiske kostnader skal delast etter antall spelarar kvar klubb stiller med i kvart samarbeidslag. Det vil sei at dersom ein klubb stiller med 5 spelarar av totalt 20 spelarar, skal dei betale 5/20 del av dei totale kostnadane. Klubben som står for utlegga skal fakturere dei andre samarbeidsklubbane etter enda sesong.

Medlems- og treningsavgift

Kvar enkelt spelar betalar medlems- og treningsavgift til den klubben spelaren står registrert i.

Dugnadspeng

Kan vere utfordring knytt til dugnadspott som ligg i eit av laga som skal inn i eit klubbsamarbeid. Har pt. Ikkje løysing på dette

Lagskonto

Styringsgruppa ser at det er store forskjellar i korleis dette vert handtert i dei ulike klubbane. Me ynskjer at klubbane set seg inn i gjeldande regelverk frå NIF/NFF, slik at alle vert mest mogleg lik i si handtering av dei ulike lagskontoane.

Når dette er på plass, er det klubben med flest spelarar som skal opprette og vere ansvarleg for lagskontoen.

Gjennomføring av sesong

Oppstart:

Kvar enkelt klubb skal stille med ressurspersonar i oppstart av samarbeidslag. Det kan vera ein fordel om nokon frå styringsgruppa, og/eller med erfaring frå samarbeidslag, vert invitert med på informasjonsmøte med trenarar/foreldre. Ressurspersonar lyt ha inngåande kjennskap til avtalen og retningslinjene for samarbeid.

Alle lag er plikta til å avhalde minimum 2 foreldremøte i løpet av året. Eit ved oppstart og eit ved sesongslutt.

Bruk av anlegg

Styringsgruppa oppmodar til bruk av dei ulike anlegga som samarbeidsklubbane disponerer. Samstundes skal ein bruka sunn fornuft i høve transport av spelarar til og frå trening.

Når det gjeld kamparena skal ein ha ei rullering, men i høve treningsarena kan ein finna løysing i ut i frå tal spelarar i dei ulike klubbane, og kva for klubb(ar) som stiller med trenarar. Det er viktig at ein har riktig og god tilgang til utstyr som fotballar, vestar og hattar på alle anlegga.

Foreldremøte skal avholdas i dei ulike klubbane sin lokale.

Dugnad

Alle spelarar og foreldre bidreg med dugnad i den klubben ein er registrert i. Samstundes ser ein det som viktig å byggja ein god kultur mellom klubbane, og ein oppmodar difor til at samarbeidslag stiller opp på dugnad for klubbane ein samarbeider med. Dette vil vera frivillig for kvar enkelt utøvar med føresette.

Draktsett

Det vert oppmoda til ei rulling på dei ulike klubbane sine draktsett, både i seriespel og på cupar. Klubbane må difor ta høgde for samarbeidslag knytt til draktlogistikk.

Kvart enkelt lag i bornefotballen styrer handtering av shorts og sokkar, men på ungdomslag skal spelarar ha like sokkar/shortsar. Ved utfordringar knytt til kostnad i så måte, må klubbane stille med støtteordning og bistå spelarane.

Trenar, lagleiar og andre ressurspersonar.

Alle samarbeidslag skal ha ein lagleiar frå kvar klubb. Dette gjeld minimum i oppstartsåret, men det vert oppmoda til at ein fortset med deltaking frå alle klubbar også dei påfølgande åra.

Det vert oppmoda om at alle samarbeidsklubbar stiller med trenar, men dette er ikkje eit krav.

Det skal sendast ut evalueringsskjema til alle trenarar etter fullført sesong.

Klubbane er ansvarleg for at dette vert fulgt opp, og evalueringsskjema skal sendast styringsgruppa.

Lagsnamn

Ein står fritt til å velje eit eigna namn på laget. (T.d. Vilbjørn, Viljar, Bjørgum, Ørnar) Men alle klubbane skal vere nemnt i lagsnavnet.

Fair Play

Fleire av klubbane som er på denne samarbeidsavtalen er godkjente Fair play-klubbar. Alle samarbeidslag pliktar å fylgje reglar knytt til det å vere Fair play-klubb, dette sjølv om ikkje alle klubbar i samarbeidet er godkjent som Fair play-klubb.

Skulle det oppstå ein episode der ein får melding, eller ein sjølv melder inn, Fair play-saker, skal dette gjerast til og frå klubben som meldte laget på i seriespel.

Cupdeltaking

Frå 14-16 år, og der FBK Voss er med i samarbeid, skal ein prioritere Dana Cup. Dette så lenge FBK Voss har denne cupen som prioritert cup for eigne tilsvarande lag i desse årsklassane.

Hospitering

Handtering av hospitering i kamp vert styrt av klubbane som er involvert i samarbeidet, og skal fylgja gjeldande regelverk både for klubb og NFF.

For at spelarar skal hospitere mellom årsklassar i kampar i seriespel, må dette skje innan eigen klubb. Det vil sei at ein spelar frå eit årskull utanfor eit samarbeidslag kan kun hospitere inn i kamp seriespel der eigen klubb deltek i samarbeidet. Vidare kan ein spelar i eit samarbeidslag kun hospitere inn i seriekamp til lag i eigen klubb. Dette gjeld òg lån av spelarar der lag kan ha behov for å supplere ein spelartropp med fleire spelarar i ein kamp i seriespelet. Hospitering i trening kan skje inn og ut av samarbeidslag uavhengig av klubben ein er medlem i.

Det er viktig å presisere at all hospitering skal ta utgangspunkt i spelaren si utvikling og ikkje laga sine behov.

All hospitering skal vere styrt av dei som er sportsleg ansvarleg i dei ulike klubbane.

Evaluering

Styringsgruppa får mandat til å gjere mindre endringar i retningslinjene etter kvart som avtalen går. Endringar som kan få større økonomiske konsekvensar for dei involverte klubbane i avtalen, skal godkjennast av klubbstyra til klubbane i samarbeidet.

Hovudlinjene i retningslinjene skal evaluerast årleg, og evalueringa skal vera eit samarbeid mellom styringsgruppa, klubbstyra og krets.